

Eva Husøy

Gossen bygdekvinnelag 60 år

I anledning av at Gossen Bygdekvinnelag hadde 60-årsjubileum, som ikkje kunne bli feira i 2020, har eg i samråd med Oddbjørg Julnes Rød, Signe Søreide og Elida Eikrem laga dette samandraget frå alle åra. Det er årsmeldigane og møtebøker frå dei 60 åra som er skriftleg kjelde.



Bygdekvinnene i 2006.

26. NOVEMBER 1960 var bondelagsformannen, Trygve Sætervik, tilstades på eit møte hos Olga Bø. Der hadde dei kalla inn dei bondekonene som var på Gossen, og det var ikkje så reint få, til eit møte for å få i gang eit bondekvinnelag. At dei lykkast, er vi eit bevis på i dag, sjølv om dei aller fleste medlemmane har skifta yrke, og laget har skifta namn. Med glede ser vi no tilbake på dei 60 åra laget har eksistert, og vi skal ha med oss ei historie vidare som går frå starten til i dag.

Kven var så desse kvinnene som starta opp? Olga Bø, som var første formann, (dei heitte det den gongen) var frå Sporsemosen. Ho var

gift med Harald Sporsheim, og dei dreiv eit lite gardsbruk mellom Nyhamna og Sporsheim. Dei hadde ikkje barn, men var levande opptatt av tilbod til dei unge, særleg idrett.

Og kven kom på møtet? Jau, Mara Hjertvik, Emma Vassdal, Oddlaug Nybø, Ane Horrem, Anna Windstad, Olga Eikrem, Olga Rød og Karoline Sporsheim. I alt var det 19 medlemmar som meldte seg inn.

Dei hadde arbeidsoppgåver frå starten. Med regelmessige møte rundt om hos medlemmane, samla dei inn pengar til husmorferiar for medlemmar, og det var for bygda sitt beste dei arbeidde.

Dei første 10 åra - 1960 til 1970

Medlemmane var travle bondekoner som i tillegg til sitt heime på garden, også var engasjerte i samfunnet rundt seg. Årsmeldingane viser at fleire av dei var med i kommunale utval og også i kommunestyret. Likevel hadde dei kraft til å gjere noko ekstra for bygda.

Etter 5 år som lag, kjøpte dei inn den første brudestolen til kyrkja, eller – ein ny brudestol, den andre kom etter i neste tiårs bolk. Men mykje vart gjort før det. Dei stod på for bygda, men ville og skolere seg sjølve på ulike felt. Dei sette i gang mange kurs for medlemmane.



Brudestolar gitt til kyrkja i 1965 og 1981.

Og slitne bondekoner trengte og ferie. Derfor vart det arrangert husmorferie for 2 eller 3 medlemmar, oftast til Høvringen. Første felles tur gjekk til Valldal, og det vart seinare mange slike felles turar.

Skulle laget ha noko å gi, måtte det pengar til. Derfor starta den årlege haustutlodninga av eit lam og ein ¼ gris. Første tida vart møta haldne på ettermiddag, slik at konene kom seg heim til mjølkinga, men etter kvart vart det kveldsmøte.

10 åra - 1970 til 1980

Det vart ei god utvikling i gardsdrifta på Gos-sen, og det var mange unge og entusiastiske bondekoner som også hadde tid til bygda. Og pengar måtte til. Den populære haustutlodninga gav kroner i kassa som villig vart delt ut; til sjuke- og trygdeheim, til vanføre-lag, hjelpefond, hjerte- og lungesjuke, Aukra Speidergruppe, Handicaplaget, til søndags-skolen og uniformer til skolemusikken. Og til alle bedehusa, 4 i talet.

I 1978 vart det for første gong bondekvin-nelaget sin jobb å gjere arbeid med konfir-mant-kyrkjekaffe, og dette gjekk føre seg i mange, mange år. Dette kunne by på problem når fjøsstellet skulle gjerast før dette arbeidet på søndagsmorgonen. Vi må og hugse på at den gongen var bondekonene unge, gjerne med mindreårige barn som skulle ha sitt.

10 åra - 1980 til 1990

I 1980 vart andre brudestol til kyrkja inn-kjøpt. I 1984 starta laget med pynting i kyrkja til hausttakkefesten, eit oppdrag vi har hatt sidan då. Då kyrkja hadde sitt 150-års-jubileum i 1985, var vi saman med Redningsforeninga og laga kyrkjekaffe til 280 personar. Medlemstalet var stabilt, kring 25, og i dette tiåret kom det og inn medlemmar som ikkje hadde garden som sin arbeidsplass. Dette var noko nytt. Kanskje kunne alle bygdekvin-ner bli med om det høvde?

Laget var for første gong medarrangør av Romsdalsmuseet sin olsokfest, der det vart laga tradisjonsmat på gammalt vi. Handar-beid og slåtta vart og utført. Karane våre har gjennom alle år vore flinke og stilt opp som mannskap der det har vore nødvendig.

I 1988 hadde laget første kontakt med flyktingetenesta då flyktingesekretær Arn-hild Holstad kom og orienterte om dei 10 tamilane som vart busette i kommunen vår. Frå 1988 tok laget på seg å stelle minnelun-den på kyrkjegarden, eit arbeid som gjekk til i 2004, då medlemmane etter kvart hadde nok med sitt.



Laging av morrpølse november 1995.



Strikkekurs på Solem skule våren 1998.

10 åra - 1990 til 2000

Det vart turar til Håholmen, Eikesdalen, Ona og Orten. Hyttetur til Grødalen, og lady Arbuthnott på Sunndalsøra fekk og besøk. Som før vart det kaffeservering med noko attåt på Aukraheimen. På medlemsmøta var det ofte nokon utanfrå som orienterte og held foredrag med varierende innhald, frå brannberedskap til psykologbesøk. På Soltun hadde laget og ein koppemarknad med utstilling av fine dekka bord. Inntekta vart brukt til kaffemaskin på Soltun det året. Laget deltok i matservering på bispevisitas, på 17.mai og 160-årsjubileum og fest for nytt orgel i kyrkja. ALLSIDIG!

Eit stort kulturarrangement hadde laget og på Løvikremma. Masse flott handarbeid vart lånt inn, gamalt og verdifullt. Ja, så redde for at noko skulle hende med gjenstandane var



Utstilling av gamle kjøkkenting, mars 2003.

vi, at to overnatta på kjøkkengolvet der ute!

Laget fekk ein idé om å lage ei Aukradrakt for barn, og med god hjelp av Ingrid Nedrelid og Ingjerd Husøy vart drakta ferdig i 1994. Den vart godt mottatt, og Aud Irene Tollefsen stod for produksjonen. I alt sydde ho mykje over 150 drakter. I samband med eit bygdatreff på Soltun vart drakta presentert. Her var det og utstilling. Året etter var drakta til smågutar ferdig, og for oss var det kjekt å sjå at så mange ville eige denne. Drakta gjekk og i arv. Som idé til aukrasouvenir fekk vi og premie av kommunen for ei dokke med drakta på. Men det vart vanskeleg med større produksjon av desse.

Ein kondolanseprotokoll var eit sagn i Aukrakerkja, og bondekvinnelaget starta arbeid med å få til dette. I 1996 vart den overlevert i kyrkja med bord, duk og lysestake.

Det var og god kontakt med skolen. Matpakkedag var det fleire år, og nokre av medlemmane var med i strikkeundervisning.

Vi samarbeidde med Husflidlaget om kulturminnedag på Løvikremma. Igjen hadde vi Olsokfeiring på Romsdalsmuseet. Og med liv i alle hus og på tunet, var dette noko både laget og museet sette pris på. Ein tur til Veøya var belønninga vi fekk, og det var veldig minnerikt. Vi fekk og med oss Rotary på ein ryddeaksjon på Ingridsteinen i Løvika.

Sjølv om det no hadde kome til fleire utan

direkte bakgrunn frå bondeyrket, var medlemstalet nedgåande. I 1998 skifta laget namn til GOSSEN BYGDEKVINNELAG. Vi trudde kanskje dette kunne få opp medlemstalet, men vi gjekk inn i eit nytt årtusen med 15 vanlege medlemmar og 3 vi kalla æresmedlemmar.

10 åra - 2000 til 2010

Minnerik var tradisjonsmatdagen på Løvikremma, der steikt fleisk og brødgraut, sildegryn og tebrød gjekk unna! Turen gjekk til Fræna første året, og gåver vart gitt. Best hugsar og kjenner vi til at 50 puter vart sydde til kyrkja. Gode å ha i dag og!

Saman med flyktningar frå Bosnia og Sri Lanka laga vi innvandramat på Løvikremma. Medlemmar var med å laga mat 17.mai og på kulturminnedag. I 2002 hadde Tempo Lett si bygdekomedie på Løvikremma, og vi hjalp til med kostymer og stod for matsal dei dagane førestillinga gjekk. Minnelunden fekk sitt stell. To medlemmar var og på Riksfjord skole ein dag og bakte lefse saman med elevane. På skolen deltok vi og med kleppsuppe-



Lefsebakst på Løvikremma 2003.

laging og kakebakst ein dag. Kjekt å vere i lag med dei unge! Lefsebaking for sal og smaking hadde laget og ute på Løvikremma ein dag før jul. Det største dette 10-året var likevel at vi i 2003 fekk kulturprisen av kommunen! Hadde vi verkeleg gjort oss fortent til det? Vi kunne berre takke og gle oss over at bygda, ja heile kommunen såg verdien i det vi gjorde. Og Kongen og Dronninga kom til Gossen.



Tur til Julholmen 25.september 2007




I veven. 24. feb. 2007.

I den anledning fekk bygdekvinnelaget i oppdrag å pynte ved kyrkja. Og der vart det fint! I 2004 starta fellesturane opp, og det kunne bli opp til 33 turar i året med varierende deltaking, men mange var trufaste og er det den dag i dag.

Bygdatreff var noko vi hadde om våren på Soltun, og vi hadde mange av dette slaget i tiåret. Inntekta gjekk til nærmiljøet, som t.eks. MOT og Teletun, til hjartestartar og til ungdomsklubb. Tema var mange: Utstilling av gamalt kjøkken og kjøkkenreiskap var eitt. Vi hadde og ei utstilling om konfeksjonssaum på Gossen, og med klede produsert her. Museet støtta opp med foredragshaldarar. Strikkeplagg og gamle strikkeoppskrifter, gamle skolebøker og ranslar, forkle og gryteklutar eit anna. Kaffe og kaker var det sjølvsagt alltid, og publikum støtta opp om loddsalet.

Hundreårsmarkering i samband med unionsoppløysinga i 2005 var vi med på, på Løvikremma. Og laget hadde turar til Nesset prestegard, Eresfjord, Vistdal, Skaret og Lysgården, til Håp i havet på Finnøya, og til Sandøya.

I 2006 fekk Vevloftet på Rød oppseiing. Ingeborg Skeide, som har vore ei drivkraft i laget vårt, fann ut at ein råkjellar på Breivik skole kunne bli eit bra lokale, Ho hadde nok rett i det, men først etter nesten 600 dugnadstimar til tømning og innreiing frå grunnen. Stolte kvinner kunne ta i bruk både vevrom, møterom og kjøkkenkrok etter rike



Bakedag på Aukraheimen november 2007.

gåver frå Hydro/kommunen, banken og ikkje minst storstilt dugnad frå våre menn og andre hjelpsame karar. Namnet vart Bygdastauå.

I 2008 deltok vi for første gong med rømmegrautsal på Aukradagen, og det gjekk strykande. Rotary hjalp oss, og vi kunne gi kr. 10.000,- til Lindrande einheit på Aukraheimen. Baking av lefse og tørrbakels inne på Aukraheimen i adventstida var og populært, og vi var der i fleire år.

10 åra - 2010 til 2020

Det vart meir av det same i starten på dette tiåret. Lefsebaking på Aukraheimen, turgåing, Aukradagen med rømmegraut.

Kven var vi medlemmane ?

I 2012 starta laget opp med at kvar enkelt skulle presentere seg, og vi fekk dermed mykje ny informasjon om kvarandre. Dei fleste var innflytta til Gossen, og mange spennande historier kom fram.

2013 var eit merkeår i anledning 100 år med stemmerett for kvinner, og laget hadde ein stor fest på Løvikremma med både foredrag og moro. Eit teppe, som var brodert for ca. 100 år sidan, vart opphengt saman med bilde av dei fleste som hadde laga det. Og det heng der i dag også!

Breivik skole skulle rivast, og laget var heldig og fekk nytt møterom på Riksfjord skole, ei ny Bygdastauå. Eit vellukka program med



Grautkokarar på Aukradagen 2008.

Oddgeir Bruaset vart arrangert på nyskolen. Vi fekk gratis hus på grunn av at laget sine medlemmar stilte opp på smøring av mat, både det året og fleire år seinare. Som takk for arbeidet gav FAU oss eit flott kjøleskap, og vi vart bedne på juleavslutningar. Vevane vart flittig brukte, både av medlemmar og andre. Og på ein Aukradag var fleire flotte vevde løparar og åkle utstilte.

I 2016 hadde vi vårt første førejulstreff på Frivilligsentralen, eit vellukka tiltak som vart tradisjon. Laget stilte og opp på Internasjonal veke og tok del i markeringar som NBK la opp til. Dette gjorde at vi vart meir synlege i kvardagen. På alle møte var det program; mange frå kommuneadministrasjonen stilte opp med orienteringar om m.a. kulturhus, omsorgssenteret, heimetenesta, ungdomsarbeid og anna.

Soltun sine generalforsamlingar møtte laget opp på, og var snart det einaste laget som hadde andel i huset. Laget samarbeidde med andre lag og organisasjonar og hadde nytte av det. Motorklubben og musikkorpset stil-

te villig opp som flotte hjelparar då det vart arrangert torgdag på Løvikremma i 2019; ein flott dag med masse publikum. Og som vi så gjerne skal gjenta. Covid 19 sette ein stoppar for den dette året, som på så mangt anna. Tre medlemsmøte så langt, og elles avlyst det meste.

Men no skal vi sjå framover, ta eitt år om gongen, legge planar for neste år. Medlems-talet er veksande, yngre kjem til og vil truleg ha andre planer og måtar å drifte laget på. Laget har fleire medlemmar som har vore med ca. 50 år, og også nyinmeldte. Vi håpar likevel at vevtradisjonen kan haldast ved like. Og at mottoet *Til beste for bygda* kan bli ståande åra framover.